

## KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/10/16

av 24. september 2008

## om endring av vedtak 2005/176/EF om fastsetjing av rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i medhald av rådsdirektiv 82/894/EØF

[meldt under nummeret K(2008) 5175]

(2008/755/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 82/894/EØF av 21. desember  
1982 om melding om dyresykdom i Fellesskapet<sup>(1)</sup>, særleg  
artikkel 5 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Direktiv 82/894/EØF dreier seg om melding av utbrot av dei dyresjukdommane som er førte opp i vedlegg I til det nemnde direktivet.
- 2) I kommisjonsvedtak 2005/176/EF er det fastsett rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i medhald av direktiv 82/894/EØF<sup>(2)</sup>. Vedlegg V til det nemnde vedtaket inneheld kodane for sjukdommane, medan vedlegg X/01, X/03, X/09, X/11, X/12 og X/16 inneheld kodane for veterinærregionane i høvesvis Tyskland, Italia, Danmark, Spania, Portugal og Sverige.
- 3) Lista i vedlegg I til direktiv 82/894/EØF, endra ved kommisjonsvedtak 2008/650/EF<sup>(3)</sup>, vart nyleg ajourført, og visse fiskesjukdommar som er førte opp i del II i vedlegg IV til rådsdirektiv 2006/88/EF<sup>(4)</sup>, vart førte opp i den nemnde lista, og vondarta smittsam griselamming, som ikkje lenger er ein meldepliktig sjukdom i medhald av rådsdirektiv 92/119/EØF<sup>(5)</sup>, vart stroke frå lista.

- 4) For å gjere det mogleg å skilje mellom meldingar om utbrot av afrikansk svinepest hjå villsvin og utbrot av den same sjukdommen hjå tamsvin, bør det nyttast ulike kodar for melding av desse to typane utbrot.
- 5) Lista over sjukdomskodar i vedlegg V til vedtak 2005/176/EF bør difor endrast.
- 6) Tyskland, Italia, Danmark, Spania, Portugal og Sverige har endra namna og grensene til veterinærregionane sine. Endringa av desse regionane har innverknad på systemet for melding av dyresjukdommar. Dei noverande regionane i systemet bør difor byttast ut med dei nye regionane. Vedlegg X/01, X/03, X/09, X/11, X/12 og X/16 til vedtak 2005/176/EF bør difor endrast.
- 7) Vedtak 2005/176/EF bør difor endrast.
- 8) For å sikre fortruleg handsaming av dei opplysningane som vert sende over, bør vedlegga til dette vedtaket ikkje offentleggjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedtak 2005/176/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Vedlegg V vert bytt ut med teksta i vedlegg I til dette vedtaket.
2. Vedlegg X/01 vert bytt ut med teksta i vedlegg II til dette vedtaket.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 258 av 26.9.2008, s. 72, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 1/2010 av 29. januar 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 22.4.2010, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF L 378 av 31.12.1982, s. 58.

<sup>(2)</sup> TEU L 59 av 5.3.2005, s. 40.

<sup>(3)</sup> TEU L 213 av 8.8.2008, s. 42.

<sup>(4)</sup> TEU L 328 av 24.11.2006, s. 14.

<sup>(5)</sup> TEF L 62 av 15.3.1993, s. 69.

3. Vedlegg X/03 vert bytt ut med teksta i vedlegg III til dette vedtaket.
4. Vedlegg X/09 vert bytt ut med teksta i vedlegg IV til dette vedtaket.
5. Vedlegg X/11 vert bytt ut med teksta i vedlegg V til dette vedtaket.
6. Vedlegg X/12 vert bytt ut med teksta i vedlegg VI til dette vedtaket.
7. Vedlegg X/16 vert bytt ut med teksta i vedlegg VII til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 24. september 2008.

*For Kommisjonen*

Androulla VASSILIOU

*Medlem av Kommisjonen*

---